

En kritikers sammenbrudd

Dette innlegget fra Kjell Sandvik, tidligere formann i Nord-Norsk Forfatterlag, er nektet inntatt i Dagbladet:

Amanuensis Nils M. Knutsen ved Tromsø Universitet har i Dagbladet gått til frontalangrep på Idar Kristiansens verk om den finske innvandringen til Nord-Norge, «Svanevinger i nord.»

Hvis jeg ikke husker feil, har Nils M. Knutsen vært ute etter skalpen til Idar Kristiansen tidligere, og ble da kraftig arrestert for sitt hån om «kvenheroisme».

Også denne gang faller angrepet mot Idar Kristiansen tilbake på den gode amanuensis, som sittende oppe i Tromsø synes å ha gjort det til sin livsoppgave å rakke ned på nyere nordnorsk litteratur. Han avslører nemlig sitt manglende kjennskap til symbolsproget hos Idar Kristiansen, og det er nå litt av et sjokk å konstatere at en amanuensis i litteratur ikke grundig og pålitelig f.eks. har studert Finlands nasjonalepos Kalevala.

Jeg kunne gå med på at Idar Kristiansen i enkelte avsnitt tøyer dette symbolsprog vel langt, men det er noe helt annet når Nils M. Knutsen gir seg til å raljere over et symbolsprog som er i pakt med de beste tradisjoner i finsk litteratur.

Amanuensis Nils M. Knutsen har i to kronikker i Dagbladet kommet med uetterrettlig kritikk mot Idar Kristiansens (bildet) romanserie, mener Sandvik. Sandviks motinlegg er nektet inntatt i Dagbladet.

Nu er jo Idar Kristiansen selv av innvandrerfamilie og vet hva han skriver, og det er nettopp med sin store vekt på symbolsproget at han bevarer ektheten og forbindelseslinjene til hva man kan kalle den finske folkesjel. Uten sammenligning forøvrig, har så ulike forfattere som Halldor Laxness og Eivind Tverbak brukt «sagastil» som del av sin teknikk, uten at noen har talt hånt om dem av den grunn.

Idar Kristiansen, han bruker ikke «sagastil», men symboler, så da så.

Når man ser ut over landskapet nordnorsk litteratur, er det påtakelig hvordan kvener, samer og annet utkantproletariat er blitt toneangivende. Deres litteratur har vakt oppmerksomhet også over landegrensene. På sin side har aristokratiet i landsdelen

ikke maktet å produsere noe lesverdig på mange år. Denne situasjon faller formentlig amanuensis Nils M. Knutsen tungt for brystet, og kan i så fall være en forklaring på hans hatske angrep. Enda verre blir det jo når en proletar som Idar Kristiansen går bort og får ikke bare Aschehougprisen, men innstilles også til Nordisk Litteraturpris.

De folkene som har innstillet, ser nok med andre og åpne øyne på «provinslitteraturen» enn både Nils M. Knutsen og Dagbladet.

Tilsist vil jeg karakterisere det som sørgelig at man ved Tromsø Universitet inntar holdninger som virker nedslående på dagens nordnorske forfattere. Vi skulle hatt en mektig støtte i landsdelens universitet, istedet opplever vi ikke så sjelden å bli kritisert ned i støvlene. Kritikk er en bra sak når den er vel begrunnet, men det Nils M. Knutsen har skrevet i Dagbladet om Idar Kristiansen må jeg nærmest karakterisere som en kritikers sammenbrudd.

Jeg fristes til å si: Skomaker, bli ved din lest — dyrk din Hamsun men hold ellers kjeft!



MEDLEMMER PÅ CLUB 7

«Dolket i ryggen av AKP'erne»?

I Aftenposten sitt kveldsnummer tysdag blir ein frå mindretalet på generalforsamlinga på Club 7 måndag intervjuet. Det er Per Ulf Marvold, tidlegare medlem av representantskapet, tillitsvald frå Hotell og Restaurantklubben. Han kan fortelje at «vi føler oss dolket i ryggen av AKP'erne».

Av ROALD HELGHEIM

Per Ulf Marvold held fram:

«Nå vil AKP'erne prøve seg som bedriftsledere sammen med den gamle ledelsen vi har slåss mot hele tiden. Vi er meget forbauset over den konstellasjonen som gikk sammen på generalforsamlinga og fikk flertall for sine representanter til representantskapet. De fikk valgt inn folk fra den gamle, råtnede ledelsen og AKP'ere som tidligere har sagt de ville støtte de ansatte. For de ansatte er tiden nå bare skrudd ett år tilbake.»

Marvold seier vidare mellom anna:

«Vi får se hvordan AKP'erne fungerer som arbeidsgivere når vi stiller krav i overensstemmelse med arbeidsmiljøloven.»

Dette er alvorlege skuldinger, ikkje berre mot AKP (m-l), og ikkje berre mot det nye representantskapet. Marvold må for skams skuld presisere i intervjuet at han godtar valet frå Club 7 sitt høgste organ, generalforsamlinga, dvs. medlemmene av Club 7.

Men det er dei over 400 som møtte fram som — om vi skal følgje Marvolds logikk — har gjort AKP-kupp og alliert seg med «den gamle ledelsen vi har slåss mot hele tiden».

Å kaste stein frå glashus

Marvold snakkar mot betre vitande. Vi må for ordens skuld opplyse at i det representantskapet som vart valt i desember i fjor, sat Per Ulf Marvold sjølv, saman med mellom andre Terje Røllheim, Bill Mullholland og Tove Vinje. Desse tre siste vart attvald, saman med tre nye. Det er valt eit nytt representantskap som i samansetjing i hovudsak er lik det som vart valt i desember i fjor for å berge Club 7, noko dei lukkast i. Det avgåande styret, valt av det avgåande representantskapet,



Ein av dei tilsette på Club 7, Per Ulf Marvold, skuldar «AKP'erne» for å ha dolka dei i ryggen. Her er han på pressekonferanse på Club 7 i samband med stenginga. Han kjem no med utfall mot folk han sto saman med i kampen mot oppseingane. (Foto: Svein Erik Dahl, Samfoto.)

fekk opna Club 7 att på førjulsvinteren, og trekt oppseingane og avskjedane mot alle dei tilsette tilbake. Om det er nokon som dolkar nokon i ryggen, er det Per Ulf Marvold, som stemplar folk han stod skulder ved skulder med i denne striden.

«AKP'erne som bedriftsledere»

Etter det vi kjenner til, sit det ein person som politisk høyrer heime i Rød Ungdom i det nye representantskapet. Det er kjent at AKP'arar på generalforsamlinga støtta den lista som fekk fleirtal. Dette kvalifiserer ifølgje Marvold til karakteristikken «AKP'erne som arbeidsgivere». Etersom han sjølv politisk slår under beltet, må vi avsløre Marvolds eige vesle komplott. Medlem-

mer av det nye representantskapet kan bekrefte at Marvold og andre representantar for Hotell og Restaurantklubben stilte dei andsynes eit bunde mandat som vilkår for å støtte dei. Dette bundne mandatet gjekk ut på at representantskapet skulle syte for å velje eit styre med eit fleirtal som i sin tur støtta eit spesielt framlegg til bemanningsplan for administrasjonen på Club 7. Bemanningen var ei namngjeven liste, som mellom anna innebar at Per Ulf Marvold sjølv skulle bli personalansvarleg og teknisk ansvarleg, og med eit anna namngjeve medlem av Hotell og Restaurantklubben som dagleg leiar. Dei som vart førelagt dette kravet, nekta å binde seg på førehand til ei slik namneliste. Difor vart det to framlegg på generalforsamlinga.

Det er ikkje vår sak å ta standpunkt for den eller den daglege leiar og personalansvarlege på Club 7. Det blir det nye styret si sak. Men glasrutene singlar rundt Marvold når han i Aftenposten skildrar maktglade AKP'arar som aldri har vore i nærleiken av slike maktposisjonar på Club 7 som Marvold sjølv hadde ætla seg til.

Det er dobbelt trist at Marvold no hengjer seg på den same hetsen som Ny Tid lanserte før jul — mot Marvold og dei han då kjempa i lag med. Då skreiv Ny Tid at «m-l-bevegelsen» var ute etter «et nytt kulturelt tilholdssted som erstatning for det tapte studentersamfunnet.»

Med rette vart Ny Tid-utspelet stempla som mistenkeleggjering og splittelsesverksemd og ikkje gagna Club 7 si framtid. Det same kan trygt seiast om Per Ulf Marvold sitt siste utspel. At han går til Høgre sitt politiske hovudorgan med ærendet sitt, gjer jo ikkje saka betre.



Hva skjer?

Aschehoug forlag

har lagt fram vårlista over bøkene de kommer til å gi ut. Det er lite spennende med hensyn til norsk skjønnlitteratur, med unntak av Karsten Alnæs «Kjempesnell og blå dager» som allerede er kommet. Største investering fra Aschehougs

side er «Den store slektsbibelen» i gulltrykk og farger, utsalgspris rundt 1600 kroner.

Mer interessant, men mindre profitabelt er «Få se!», en billedbok for barn om barn og seksualitet. — Direkte og pågående, men også humoristisk, sier Bertold Grünfeldt i sitt forord.

Ellers har Aschehoug krim, Woodhouse, samleverker og litteraturkritikk på vårlista. Dessuten noen debattbøker, men de fleste av dem handler mer om privatliv enn om samfunn.

Teatersentret Bikuben

står på. Nå med ny premiere på man-

dag førstkomende, klokka 12.30 på Fagerborg videregående skole. Stykket har gruppa kalt «Den første kjærligheten» og Eva von Hanno har satt det i scene.

Samme stykke

er Hålogaland Teaters første produksjon i det nye året. «Kjærlighet — ka e det» har Hålogaland Teater kalt sin versjon.

«Den første kjærligheten» eller «Kjærlighet — ka e det» er opprinnelig skrevet av den tyske teatergruppa «Rote Grütze», og handler også om ungdom og kjærlighet.

FORNY ABONNEMENTET NÅ!